



Lærer skodespelarar sunnfjordsdialekt
Nynorsk scenspråksenter har opna i Nynorskhuset i Førde.

SIDE 4-5

Nynorsk fengjer i næringslivet.
Nynorsk bedriftsforum får stadig fleire medlemmer.

SIDE 16-17



Eitt år sidan nobelpriskunngjeringa
5. oktober sett frå Mål-laget, og nytt intervju med Fosse.

SIDE 12-13

Norsk Tidend

nr. 5
november 2024

medlemsblad for Noregs Mållag

Vil styrkja nynorsk-opplæringa for skodespelarar



- Nynorsk er ikkje forankra godt nok i læreplanane, meiner mangeårig nynorsk-undervisar ved Kunsthøgskolen i Oslo, Ola E. Bø.

SIDE 6-7

Haugesund kommune vil bli språknøytral

■ Står bokmålet for fall i Rogaland? Nei då, men det vert heller ikkje styrkt. Før kommunenesamanslåinga var fleirtalet av kommunane i Rogaland nynorske. Som del av samanslåingsreforma til regjeringa Solberg, gjekk nynorskkommunen Finnøy inn i bokmålscommunen Stavanger og nynorskkommunen Forsand gjekk inn i den språknøytrale kommunen Sandnes. Med det er fleirtalet av kommunar i Rogaland no språknøytrale.

■ Den 23. oktober vedtok Haugesund bystyre ein interpellasjon frå Venstre om å gjera kommunen språknøytral. Kommunedirektøren skal leggja fram ei sak så snart som råd med mål om å gjera kommunen språknøytral. Under Nynorskstafetten i haust, som mellom anna var på Haugalandet, sa ordføraren personleg til Noregs Mållag at dette var noko han var interessert i å få til. Det er både inkluderande, gjev meir fridom og sparar kostnadar til omsetjing, er blant argumenta.

■ I den språknøytrale nabokommunen Karmøy har om lag 1400 av dei totalt 5200 elevane i grunnskulen nynorsk som hovudmål, og nynorsken står relativt støtt i området. At bykommunen Haugesund opnar for nynorsk, der alt berre har vore på bokmål, vil gjera nynorsk meir synleg og vonleg betra haldningane til nynorsk i heile regionen på sikt. At dette gjev vekspotensiale for nynorsk, er openbert. Det er også eit teikn på at haldningane til nynorsk er blitt betre med åra. Vedtak om språknøytralitet, slik Stavanger og Haugesund har gjort, ville vore utenkeleg for 10-15 år sidan.

■ Dersom Haugesund blir språknøytral, er det berre Eigersund kommune att i Rogaland som har vedtak om bokmål. Det er viktig å hugsa på, når ein høyrer at nynorsken er i tilbakegang. Det har aldri vore meir nynorsk tekst i samfunnet enn det er no i dag, og mengda negative haldningars til nynorsk, er også svært mykje mindre og mindre stygge enn før. Det er ikkje feil å seia at det framleis går greitt med nynorsken, trass i utfordringane som er der.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Redaktør: Vemund Norekvål Knudsen

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



SOLID: Nynorsk i Dovre – like solid som Snøhetta?

Nynorsk som hovu

I Dovre kommunar kjempar dei for tida om **opplærings-språket i skulen**. Dei er ikkje aleine om det.

■ Mykje av bakgrunnen er at den nye opplæringslova innholdt nye hovudmålsreglar, som kan få uheldige konsekvensar for nynorsken, særleg i vidaregåande skule og ungdomsskulen. Norske kommunar har fått krav på seg om å vedta kva som skal vere hovudmålet på kvar skule, anten nynorsk eller bokmål. Kommuneadministrasjoner rundt om i Noreg føl lojalt opp og kommunestyrene får saka til handsaming. I nynorskkommunar fungerer lova nærmast som ein invitasjon til å tenkje over spørsmålet «Er de no heilt sikre på at de faktisk vil ha nynorsk i skulen?»

■ Tilbake til Dovre. I nesten hundre år har opplæringsmålet i Dovre kommune vore


■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE
Leiar i Noregs Mållag

nynorsk. Når denne leiarteigen blir skriven har kommunestyret akkurat vedtatt å utsetje saka om val av hovudmål, for å utgreie saka betre. Det er vel og bra, og betyr at vi må kjempe vidare. Helst skulle vi sett at kommunestyret berre hadde gått for nynorsk. Nynorskelevane har meir enn nok av utfordringar kommunestyret heller burde fokusere på, som til dømes mangelen på digitale lærermiddel og læringsressursar.

■ Alle elevar i den norske skulen skal lære både bokmål og nynorsk. Vi meiner det gjev elevane ein stor fordel at dei får starte med nynorsk og vere i ein nynorsk skulekvardag, fordi bokmålet dominerer i samfunnet elles. Det gjeld i Dovre, og alle andre stadar. Dialekt og nynorsk er viktig for identiteten i Nord-Gudbrandsdalen, og er også ein stor del av lokalsamfunnet.



Illustrasjon: Geir A Granviken, digital effekt: Audun Skjervøy

dmål, til Dovre fell

Dette bør Dovre kommune ta vare på og utvikle vidare, saman med innbyggjarane og lokalsamfunnet.

■ Å skifte opplæringsspråk i skulen er ikkje ei sak ein skal ta lett på. Difor stiller lova krav til at minst ein fjerdedel av dei med røysterett, må ha skrive under på eit krav før kommunestyret pliktar å gjennomføre røysting. Forkrifta seier også at alle innbyggjarar over 18 år har rett til å røyste i slike saker. Stortinget har på det viset markert at språket i skulen er eit spørsmål som ikkje berre gjeld elevane og lærarane på ein enkelt skule, men også er viktig for lokalsamfunnet rundt skulen, næringslivet, organisasjonslivet og kyrkja. Noregs Mållag meiner endå til at det bør vere krav om to tredjedels fleirtal i kommunestyret for å skifte frå nynorsk til bokmål, fordi konsekvensane er så store for det minst brukte av dei to norske språka. Val av språk i skulen er, og skal vere, ei lokal avgjerd. Samstundes har vi også eit felles ansvar for å stø opp om nynorsken. Difor har ei lokal sak om skulespråk nasjonal interesse.

■ Noregs Mållag har åtvara mot dei nye reglane, og har fått delvis gjennomslag. Kravet fylkeskommunane har for å fastsetje hovudmål for sine skular er utsett.

■ Eg tippar det blir avlyst. Når det gjeld grunnskulen bør vi nok bu oss på strid i mange norske kommunar, særleg i randsonene til det nynorske kjerneområdet. Den striden skal vi stå i, med dei beste pedagogiske og språkpolitiske argumenta. Vi skal kjempe for nynorsk opplæringsspråk der det blir aktuelt, og i første omgang hindre at Dovre fell.

“Når det gjeld grunnskulen bør vi nok bu oss på strid i mange norske kommunar, særleg i randsonene til det nynorske kjerneområdet. Den striden skal vi stå i, med dei beste pedagogiske og språkpolitiske argumenta.”

sagt

- Bør ikke Kaffistova ta ansvar for å finne gode norske navn på importerte retter?

- Jo, vi prøver jo å være bevisst på det. Men når det gjelder skitten pottit, ble vi tatt litt på senga.

Kaffistova i Oslo til Klassekampen

Wikipedia kaller ham Dag-Inge på bokmål, men Dag Inge på nynorsk.

TV2 om Dag Inge Ulstein

[...] eg kan ikkje tru anna enn at nynorsken har fått høgare status.

Jon Fosse til NPK om kva Nobelprisen har hatt å seia for nynorsken

Vi er heldige som har ein konge som Harald, og ein kronprins som Haakon. Det må ein ikkje gløyma i alt spetakkelet kring «kongefamilien».

Jon Fosse i intervju til VG

Ein roman kan vera god sjølv om han ikkje er like god som «Septologien», liksom.

Jon Fosse i intervju til VG

Et råd eg fekk frå en bonde for et par år si: Snakk me fødne så går helste alt aent godt. Ok sa eg å gjekk

Erling Braut Haaland på X

Sorry adle samen! Alt for dårligt frå mi sia I november går me for 6p!!

Erling Braut Haaland i ei instasoge (instastory)

Det ser ut til at allment tilgjengelige språkmodeller som GPT undertrykker språklig variasjon og mangfold, går for det som er statistisk vanligst og ikke er så gode på f.eks. metaforikk (jf. danske studier). Konsekvensene for norsk (nynorsk, bokmål) og det nasjonale språkmangfoldet vårt er svært store og i verste fall irreversible. Håper derfor noen av disse prosjektene (helst alle!) omfatter språk!

Ase Wetås på LinkedIn

Fremmedspråkene er unødvendige. «In this country we have oil to fall back on.» Og det er nok å kunne bestille en cerveza på Gran Canaria. Nynorsken ligger nok snart på sotteseng også – dette romantiske bjelleklemtet fra 1800-tallets danskehatt.

Bernt Hagtvæt

Eg har sans for samfunn som diskuterer teknologi og økonomisk utvikling grundig, og som planlegg nøyne kva dei vil med det. Framsteget skjer ikkje gjennom frislepp av økonomi og teknologi.

Forfattar og bonde James Rebanks til Klassekampen

Nynorskhuset i Førde fekk 2. oktober eit nytt tilskot: **Nynorsk scenespråksenter**. Denne etterutdanninga skal læra skodespelarar å snakka nynorsk med sunnfjordsdialekt.

Nynorsk scenespråksenter opna i Nynorskhuset

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ Frå før finst Nynorsk avisenter og Nynorsk mediesenter i Nynorskhuset i Førde i Sunnfjord kommune. Den 2. oktober var det opningsfest, då Nynorsk scenespråksenter vart lansert med heimeside og ein søknadsportal.

Nynorsk scenespråksenter er eit nasjonalt senter for nynorsk på teaterscena, og ligg under Teater Vestland. Senteret kjem til å tilby etterutdanning til opp til fem skodespelarar i halvåret. Målet er å gje skodespelarane trygge i nynorsk som scenespråk, og læra dei å tileigna seg dialektar.

– Det er berre tre teater som har nynorsk og dialekt som scenespråk i dag, og me såg eit behov for å styrkja kompetansen i nynorsk hjå fleire skodespelarar. Det er få som har den kompetansen, mange norske skodespelarar er til dømes utdanna i utlandet. Det er viktig for norsk språk og scenekunst at skodespelarane opptrer på levande og ekte dialekt som folk kjenner seg att i, seier Terje Lyngstad.

Munnleg språk, dialektnær nynorsk
Ideen til senteret kom ved at Teater Vestland skulle inn i Nynorskhuset og var fyrst tenkt som nynorsk dramatikarsenter, ein gong i 2021. Modellen er inspirert av Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter: 5 deltakrar over eit halvt år får opplæring i metodar som hjelper dei å læra seg språk og dialektar.




EKTE DIALEKT: Det er viktig for norsk språk og scenekunst at skodespelarane opptrer på levande og ekte dialekt som folk kjenner seg att i, seier Terje Lyngstad.

Foto: David Zadig

– Metoden skal vera mogleg å nytta for å læra seg alle dialektar, frå vestnorsk til austnorsk og omvendt, forklarar Lyngstad.

Metoden han sikter til er

det logoped og lektor Elbjørg Lognvik som står for. Lognvik har jobba ved teaterhøgskulen og norske filmsett, og har skrive bok om det som kallast «språkovergang».





“ - Det er berre tre teater som har nynorsk og dialekt som scenespråk i dag, og me såg eit behov for å styrkja kompetansen i nynorsk hjå fleire skodespelarar.

Terje Lyngstad



OVER: Det var sjølvsgått kake og kaffi til festdagen.

Foto: Teater Vestland

TIL VENSTRE: Teatersjef ved Teater Vestland, Cecilie Grydeland Lundsholt, ønskte velkommen til opninga av Nynorsk scencespråksenter.

Foto: Teater Vestland

Sjølv om metoden kan brukast til å læra seg alle dialektar, understrekar Lyngstad at språkdatasettet dei kjem til å ta utgangspunkt i ved Nynorsk scencespråksenter, er sunnfjordsdialekta.

- Me ønskjer at skodespelarane skal læra seg å snakka med melodiar og fargar som ein finn i det munnlege språket, for å gjera det ekte og truverdig. Altså ikkje opplese, normert nynorsk. Det var eit poeng med at eit slikt senter ikkje skulle liggja i Oslo eller Bergen, fortel Lyngstad.

Stort behov

For å få pengar måtte Teater Vestland stadfesta at det fanst eit behov i teaterverda for slik språkkompetanse. Teater Vestland laga ein rapport saman med Lognvik, der Lyngstad kartla behovet for språkkompetanse, og Lognvik tok seg av det faglege. Senteret er finansiert både av det offentlege og det private, mellom anna med 1 million frå Kulturdepartementet og noko frå fylkeskommunen til utgreiingsarbeid.

- I utgreiingsarbeidet kom det fram at både skodespelarar og teatersjefar sa det var eit behov for ein slik kompetanse. Hjå Teater Vestland har ein prøvetid på berre 8 veker, då er det ikkje mykje tid til å trenna seg til å bli trygg i språket og dialekta. Det er også viktig å få fram at det er lite nynorskundervising blant teaterutdanningane, så her var det heilt klart eit behov, fortel Lyngstad.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har gjeve 3 millionar til Nynorsk scencespråksenter. Det gjer det mogleg å gjenomföra tre kull. Eitt til våren og hausten neste år, og eitt på våren 2026.

Det første kullet på tre skodespelarar startar opp i februar neste år.

- Det er viktig for oss å få fram at scenespråksenteret, akkurat som medie- og avisentera her i Nynorskhuset, er nasjonale senter. Nynorskkompetanse, og det å kunna tileigna seg språk, har noko føre seg i heile landet og innanfor fleire område. Dette kan få ringverknader.

- Nynorskundervisninga i det treårige skodespelerstudiet på Teaterhøgskolen er ikkje godt nok forankra i fagplanen for skulen, det er for tilfeldig og for personavhengig, meiner **Ola E. Bø**.

Nynorsken må styrkast i teaterutdanninga

VEMUND N. KNUDSEN

vemund.knudsen@nm.no

■ Norsk Tidend møter Ola E. Bø i kantina på Kunsthøgskolen i Oslo (KhiO). Her underviser han teaterstudentar i nynorsk under emnet «Tekstformidling». Det har han gjort i 12 år, og har vore med og bygd opp eit lop gjennom heile studiet, som blir avslutta med ein større produksjon på nynorsk.

Dei siste fire åra har han også halde nynorskurs ved Høgskolen Kristiania. Han har tidlegare vore dramaturg og språkrettleiar ved Det Norske Teatret og var leiar i Noregs Mållag frå 1984–1987.

– Undervisninga ved KhiO er i dag organisert som ei timelærarordning, som blir fornya frå år til år, semester for semester. Dette synest eg er for tilfeldig og for personavhengig. Ei teaterutdanning i Noreg må sjølvsgå sikra kompetanse hjå skodespelarane i munnleg bruk av begge dei to norske skriftspråka.

Mangel i fleire år

Han meiner at dette undervisnings-tilbodet er i ein pressa situasjon.



SPRÅKNYSGJERRIGE: Korleis uttalar ein det ordet her, eigentleg? Studentane er engasjerte i nynorskurset til Bø, og gir undervisinga hans mange gode tilbakemeldingar.

– I år er det til dømes ikkje nynorskundervisning i andre klasse ved KhiO. Det kan sjølvsgå vera tilfeldig eller eit unnatak akkurat i år, men det er likevel nokså symptomatisk. Det burde ikkje vera slik at nynorskoplæringa står i fare ved første omlegging eller budsjettkutt, seier Bø.

Då han byrja med nynorsk-

kurs i emnet «Tekstformidling» for om lag 12 år sidan, var det lenge sidan det hadde vore nynorskundervisning ved KhiO. Mangel på nynorskundervisning og den språklege einsrettinga ved skulen hadde Bø og andre i målrørsla lenge kritisert.

– Ein kan vel seia at eg fekk jobbtilbodet av di eg hadde klaga i fleire år, ler Bø.

– Det kom også kritikk frå studentar om einsrettinga i språkundervisninga, legg han til.

«Danna austnorsk»

Målet med språkopplæringa ved Teaterhøgskolen hadde lenge vore at skodespelarane skulle læra seg «danna austnorsk» og ein språktone som lente seg tungt på scenespråket på Nationaltheateret. På dette grunnlaget utvikla Teaterhøgskolen eit eige fag som fekk namnet «Språkovergang».

På Det Norske Teatret vart ein etter kvart, og naturleg nok, kritiske til dette faget, som på sin måte også kom til å prega det nynorske scenespråket.

– Språksynet og undervisninga ved Teaterhøgskolen sette også sitt preg på scenespråket ved Det Norske Teatret. Dei språklege idealia i «danna austnorsk», var så og seie overførte på den normerte nynorsken, meiner Bø.

Det Ola E. Bø legg vekt på i si undervisning, er at studentane



Bjørn Liaklev har samle 'dialektoł heile sitt liv. Vi har sport Bjørn håssen det vil gå med målet på Hadeland: «Målet blir nåkk utvatne. Det blir væ som hæn som hadde vøri i by'n ei viku. Da-n kåmm hematt, hadd-n kælvedrit på tonga.»

Dialektverket kan du få kjøft for 500 kr + frakt. Bøkene har otbok og ommvent otbok, læsastykker å 'artikler. God lesing!

Kontakt reidun@hebb.no
eller tlf. 92298745.

Hadeland dialekt- og mållag



LANG FARTSTID: Ola E. Bø har vore åleine om å undervisa i nynorsk ved KhiO i 12 år.

skal ta utgangspunkt i sitt eige talemål og sin eigen språktone i møte med den nynorske teksten.

– Ein må ta utgangspunkt i den ein er og korleis ein snakk, og ikkje bli tvinga inn i ei førestilling om eit meir danna, meir riksgyldig eller meir passande scenespråk bortanfor seg sjølv, seier han kontant.

– Når det gjeld nynorskundervisninga på Teaterhøgskolen er mitt poeng at den mest grunnleggende, og for alle praktiske formål, den viktigaste språkovergangen ein skodespelar i dette

landet må meistre og får bruk for, er overgangen frå bokmål til nynorsk.

Etterspurt tilbod

Som støtte for denne meistringa treng dei òg ei viss grunnleggjande forståing for utviklinga av den norske språkvariasjonen. Og det trengst sjølv sagt øving. Språkvanar, uttale, trykk, tonelag og frasering osb. kjem ikkje av seg sjølv. Det er ingen tvil om at nynorsk «styrketrening» er eit tilbod som er etterspurd, fortel Bø.

– Eg får positive tilbakemel-

dingar frå både studentar og tilsette, for dei veit at dette er noko dei vil få bruk for. Men vi set for lite pris på den fleirspråklege norske røyndomen, med to jamstilte skriftspråk og eit levande mangfold av dialektar.

– No har det jo komme eit nytt tilbod om opplæring i nynorsk scencespråk, Nynorsk scencespråksenter ved Nynorskhuset i Førde. Det er knytt til Teater Vestland, og ein skal nyta språkovergangsmetoden for å læra seg å snakka nynorsk med sunnfjordsdialekt. (Les eiga sak i denne avis.) Kva

“Ein må ta utgangspunkt i den ein er og korleis ein snakk, og ikkje bli tvinga inn i ei førestilling om eit meir danna, meir riksgyldig eller meir passande scenespråk bortanfor seg sjølv.”

Ola E. Bø

meiner du om Nynorsk Scencespråksenter?

– Eg er litt i tvil om ambisjonane deira. Så vidt eg forstår er det tenkt som eit etterutdanningstilbod. Dersom det då er meint å vera eit nasjonalt tilbod, til skodespelarar som vil bli å sjå på teater over heile landet, og ikkje berre eit rekrutteringstiltak for Teater Vestland, så bør ein kunna tilby undervisning på grunnlag av ulike talemål. Elles er eg redd for at dei står i fare for å gjera same feilen som Teaterhøgskolen gjorde i fleire tiår. Vi kan ikkje alle vera sunnfjordingar. Dette gav eg òg uttrykk for då eg i si tid blei beden om å kommentera plandokumentet. Men først og fremst vil eg ønsk lykke til, og eg vonar det blir bra.

Idelet

– Kva språkideal er det du sjølv vil ein skal strekka seg etter?

– Det har eg vel eit stykke på veg svart på. Men eg har hatt stor glede og nytte av å spela opptak for studentane med Olav H. Hauge som les sine eigne dikt, opptak som vi gjorde i 1987, han var då nesten 80. Han les ikkje bokstavrett skulemålsformene sine frå 1917-normalen, slik mange gjer når dei les opp Hauge, han farga språket med sitt eige ulvikmål, og då lever desse dikta på ein heilt annan måte. Slik blir det vesle diktet, «Fjellblokka kallar dei meg òg», reine læreridkett når ein uttalar preposisjonen til *te*, slik at det rimar på «Linné» og «krjupa på kne».

– Elles er det er det lite som gler meg meir enn å lesa i Aftenposten at det no er språkleg kaos på Nationaltheatret. Endelig! tenker eg og kjem på kva den italienske dramatikaren og skodespelaren Dario Fo sa då han kvitterte for Nobelprisen: Scenespråket må vera ulydig, avsluttar Bø.

Martin Årseth er ny reda

VEMUND N. KNUDSEN

vemund.knudsen@nm.no

■ Den 1. oktober starta Martin Årseth i jobben som ny redaktør i *Syn og Segn*. Han overtek etter Astrid Sverresdotter Dypvik, som har vore redaktør frå år 2020. Norsk Tidend tok ein prat med Martin Årseth om tidsskrift, nynorskkultur og journalistkarrieren hans.

- Du kjem til *Syn og Segn* etter lang fartstid som journalist i ei lang rekke aviser. Kva er *Syn og Segn* for deg?

– Som truleg mange andre, byrja eg å lesa tidsskrift då eg vart student. Ein ung jypling som ville lesa noko smart og langt. Som nynorsking var *Syn og Segn* den naturlege staden å gå. Eg vil at *Syn og Segn* framleis skal vera ein stad for lange og smarte tankar, og ein naturleg stad å gå når ein vil læra noko nytt.

- Kva kan du seia om korleis stoda er for tidsskrift generelt, og for *Syn og Segn* spesielt?

– Det er blanda. På den eine sida er veldig stram økonomi heilt standard for norske tidsskrift. Det er ikkje mogleg å driva det for eigen kjøl, og offentleg og privat støtte er heilt naudsynt. Samtidan, det tidsskriftet som liknar mest på *Syn og Segn* historisk, står heilt på kanten av stupet. Samstundes er det mange der ute som vil lesa gode, grundige artiklar, så eg er ingen pessimist. *Syn og Segn* er eit relativt stort tidsskrift med ei lang og stolt historie, og eg går inn i framtida med trua på henne.

- Kva er annleis med å vera redaktør for eit tidsskrift versus det å vera journalist i ei avis?

– Så godt som alt er annleis. Som journalist er eg vane med å skriva noko heile tida, ha nye idear fleire gongar i veka og gjennomföra dei så snøgt som råd. I tillegg er det så mange rundt meg som hjelper til med alt mogleg. No må eg brått finna ut kva kreditnota er sjølv, handtere alle retursendingane og

Martin Årseth

■ (f. 1988) frå Alversund er nytilsett redaktør i *Syn og Segn*.

■ Tidlegare har han vore journalist i fleire ulike aviser, dei siste fem åra på bergenskontoret til *Klassekampen*.

■ Han har studert historie og statsvitenskap ved Universitetet i Bergen.

■ Han har vore leiar i Hordaland Mållag og nestleiar i Studentmållaget i Bergen.

leggja ut på sosiale medium sjølv. Og skriv eg ei sak som ikkje er så bra, kan eg skriva noko nytt neste dag i dagsaviser, medan tidsskrifta skal vara og vara.

- Kva er din visjon for *Syn og Segn*?

– I Samlaget har eg høyrt folk seia at «det einaste negative med *Syn og Segn* er at ikkje fleire les det». For når eg kjem inn og tek over eit prisvinnande blad, både for form og innhald, så kan eg ikkje snu om på alt. No når eg les tilbake i nummer som kom ut før eg sjølv byrja å lesa bladet, får eg eit anna perspektiv på det. Førebels likar eg best perioden til Hilde Sandvik og Marit Eikemo. Dei var uredde og tøffe, frekke og direkte. Eg håpar å vidareföra den høge kvaliteten bladet har hatt, men krydra med meir av den frekke stilten som det var meir av tidlegare.

- På kva vis er *Syn og Segn* eit verktøy for målsaka i dag?

– *Syn og Segn*, blant fleire blad i den tidlege målreisinga, har vore med å utvida det nynorske språket. Tidlegare har Janne Nygård skrive ei interessant masteroppgåve om dei naturfaglege tekstane i dei første tiåra av *Syn og Segn*. Det var med på å utvida det nynorske språket ved å skriva om tema det ikkje fantest eit godt språk for på



nynorsk. Ikkje om nynorsk, men på nynorsk, er eit godt slagord for det mange innanfor målsaka driv med. På same måten som det skjedde store framsteg innanfor naturvitenskap den gongen.

- Kva er ditt forhold til nynorsken?

Eg synest det er vanskeleg å skildra mitt forhold til nynorsk.

Det er språket mitt, det er ein del av meg, men eg har ikkje noko forhold til det, slik eg ikkje har noko forhold til at hjartet slår. Men begge delar er viktige for meg.

- Kva tankar har du om framtida til nynorsk, som kulturspråk, skulespråk, mediespråk osb.?

– Eg har diverre ikkje så mange

Noko meir nynorsk i staten i fjar

I fjar var det 10 av 168 underliggende statsorgan som oppfylte krava om bokmål og nynorsk i Språklova.

VEMUND N. KNUDSEN

vemund.knudsen@nm.no

■ I 2022 oppfylte berre Medie-tilsynet krava. I 2023 har også Nasjonalt klageorgan

for helsetenesta, Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa, Vegtilsynet, Bioteknologirådet, Riksantikvaren, Statsbygg, Lotteri- og stiftingstilsynet, Riksadvokaten og Norec oppfylt krava. I tillegg er det fire departement som oppfylte krava i fjar: Energidepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Klima- og miljødepartementet.

Nynorskbruka har gått jamt opp blant dei underliggende verksemndene i staten, også hjå dei som ikkje oppfylte krava i 2023. Det er likevel langt igjen til krava i Språklova totalt sett er oppfylte i Staten.

Positiv utvikling

– Eitt av formåla med språklova er å fremja nynorsk, som er det minst brukte skriftspråket. Det er eit stort demokra-

tisk problem at det er mykje vanskelegare å vera nynorskbrukar enn bokmålsbrukar. Offentlege organ skal ikkje forsterka denne forskjellen ved å gjera nynorsk usynleg eller utilgjengeleg, seier Åse Wetås, direktør i Språkrådet, i ei pressemelding.

For fyrste gong sidan målinngane starta i 1994, er vekslingskravet for ny tekst i stortingsproposisjonar og meldingar opp-

ktør i *Syn og Segn*



framtidstankar.

- Kven er din favoritt-ny-norsking?

– Er det ikkje lov å svara alle saman? Då tek eg Ivar Medaas. Han stod uredd på scena i Oslo i kvit dress, med hardingfele, skjegla og snakka strilemål, og då folk lo av han, stod han for det han var. Han slo gjen-

nom fordi han trassa det folk forventa. Ei hovudstadsavis skal ha kalla han «Vestlandets betydeligste eksportprodukt siden Aasen-normalen». Eg og nokre vener har starta Brann-supportargruppa «Stril i eksil», der logoen sjølv sagt er andletet til Ivar Medaas. Han er symbolet på strilekulturen,

fylt, dersom ein legg saman tala for alle departement og Statsministerens kontor. I 2023 vart 25 prosent av all ny tekst på regjeringa.no publisert på nynorsk.

– Resultata vitnar om mykje godt språkarbeid hos verksemndene som oppfyller kravet i lova. Vi ser i tillegg ei positiv utvikling hos ein del andre verksemder som i 2023 ikkje heilt når

vekslingskrava i lova. Det er sjølv sagt gledeleg, seier Wetås.

Likeverdige tenester

Større respekt for regelverket etter at språklova tok til å gjelda, bruk av automatisk omsetjing, betre rettleiing, ein tettare tilsynsdialog og auka datakvalitet er moglege årsaker til at verksemndene no bruker meir nynorsk.

FREKK OG DIREKTE: Martin Årseth vil finna tilbake til ein frekkare og direkte stil når han tek over *Syn og Segn*.

og at vi ikkje treng å skjemst.

- Kva les du no?

– No har eg nett starta på «Her kjem sola», den siste romanen til Gunnhild Øye-haug. Ho er heilt unik i (ny) norsk samtidslitteratur, og vi må hugsa på å setja pris på ein slik forfattar før det er for seint!

- Har du ei favoritt-sak eller augneblink frå journalistkarrieren?

– Ein gong skulle eg skriva ei sak om at BKK skulle setja ut anleggstenester på anbod, reiste eg opp til Dale for å møta nokre av dei arbeidaraane det gjaldt. Eg fekk ein rundtur opp i fjellet der han viste røyrr og kraftanlegg, og så då vi kom ned att til byen, ville eg berre ta ein liten runde for å ta nokre bilete. Utanfor den gamle kraftstasjonen stod det ein stein med namna på 29 personar frå området som hadde mista livet på arbeid for BKK. På andre sida av fjellet står ein likstein med 13 namn. Sjølv viste det seg at han eg snakka med, hadde fått eit tre over seg og knekt ryggen ein gong han rydda eit uvêr og var heldig som ikkje var eit namn på steinen sjølv. Det var ei viktig påminning om kva framstega kostar. For kvart gode vi nyt godt av no, står det slike minnesteinar ein eller

– Alle leiarar i staten må bli merksame på at systematisk nynorsk arbeid i verksemndene handlar om å gjera språket synleg og tilgjengeleg, og å leggja til rette for likeverdige tenester til innbyggjarane. Eg ventar at kollegaene mine har like gode rutinar for å følgja regelverket på språkfeltet som dei har for å etterleva andre regelverk, seier Wetås.

■ kringkastingsringen



JÓGVAN HELGE GARDAR
Leiar i kringkastingsringen

Ny bølgje av samisk film

■ Denne hausten har Egil Pedersen og Sarah Olausen Eira vore på ein liten verdsturné. Dei to er høvesvis regissør og hovudrolleinnehavar i den nye samiske ungdomsfilmen *Biru Unjárga*, ein tittel som kan omsetjast til *Føkkings Nesseby*. Filmen hadde verdspremiere på den internasjonale filmfestivalen i Toronto i september, der han fekk rosande omtale. I etterkant har han vore vist på spesialframrysningar rundt om i Nord-Noreg, og går no på kino. Filmen handlar om 15 år gamle Elvira (Eira) som slit med å finne seg til rette i heimbygda Nesseby (Unjárga på nord-samisk), men som finn tryggleik i håpet om å finne den danske donorfaren sin.

■ *Biru Unjárga* er berre ein av representantane for ei ny bølgje av samiske filmar og tv-seriar som vert lanserte no og i ára som kjem. Etter at Nils Gaups epokegjerande *Ofelaš* (Vegvisaren) kom i 1987, har det berre vorte produsert ei handfull spelefilmar på samisk. Internasjonalt Samisk Filminstitutt, som er eigd av Sametinget og Guovdageainnu suohkan (Kautokeino kommune), har sidan 2007 fungert som støtte for ein samisk filmindustri av internasjonalt format. Visjonen er å gje grobotn for samisk filmkunst både i Noreg, Sverige, Finland og Russland. I 2018 lanserte instituttet Sápmifilm, ei nettbasert strøymeteneste for samisk film i alle format.

■ Instituttet har dei siste åra gjeve utdanning og kurs til framtidas samiske filmkunstnarar, og tidlegare i år kunne dei fortelje at rundt 20 samiske filmar eller tv-seriar er på trappene. Det er resultatet av målretta arbeid i lang tid, sa dei då til NRK. Om staten held fram med å stø opp om initiativet, er det dermed all grunn til å glede seg til mange samiske filmopplevelingar i ára som kjem.



FRIVILLIG: Leiari i Hamar dialekt- og mållag var på stand under frivillighetshelga på Hamar 14. september 2024.

Målpris til Hardanger Bakeri

Kvam Mållag deler ut målprisen til ei bedrift som bruker korrekt og god nynorsk i samband med marknadsføring og produkt. Håpet er å fremja bruken av nynorsk. Bedrifta som vann i år, vart vald for nettopp dette. Under Siderfestivalen laurdag 5. oktober vart vinnaren annonsert.

Roger **Aksberg Gjøsæter** tok på vegner av Hardanger Bakeri imot prisen på scena. Han seier at bakeriet i Steinsdalen prøver å halda seg til nynorsk i det verksemda sender ut av informasjon og produkt. Og, seier han, det er kjekt å verta heidra for det når ein aktivt prøver å halda seg til nynorsk.

Tidlegare har nynorsken kome veldig naturleg med språket. No seier Gjøsæter at bakeriet kjem til å bruka nynorsk endå meir enn før. Han håpar at prisen oppmuntrar til bruk av nynorsk i lokale bedrifter, og vil gjerne sjå andre bedrifter gjera det same.

– Det ville vore bra om alle brukte nynorsk, seier han.



DYREGODE MÅLFOLK: Nordmøre Mållag på Dyregod-dagane i Gjemnes. Blide målfolk på bildet er Nils, Astrid og Sveinung.

Haustfest i Asker Mållag

Asker Mållag heldt haustfest i Garborgheimen på Labråten.

Det var 100 år sidan **Arne Garborg** døyde 14. januar i 1924, og difor stod sjølvsgåt Garborg i sentrum denne kvelden. Forfattar **Alfred Fidjestøl** heldt føredrag om Arne Garborg og menneska som møttest på Labråten, som har vore eit sentralt kulturtelt og politisk samlingspunkt i Noreg.

Mållagsmedlem **Erling Søyland** spelte to slåttar frå Jæren, på den gamle fela til Arne Garborg!

Førde Mållag prisa redaktør

Førde Mållag sin målpris skal hylle nokon som har gjort ein ekstra stor innsats for å fremje nynorsk språk.

I år gjekk prisen til dagleg leiar av Selja Forlag og forfattar **Torkjell Djupedal**.

– Han har gjennom bestseljande bokseriar som Opptrur og Fjordamat vist oss verdien av å løfte fram vår eigen kultur og vårt eige språk, og samstundes bevist at nynorsk ikkje er ei hindring for å oppnå kommersiell sukses – snarare tvert imot. Over 400 000 bøker har blitt sende ut frå Selja Forlag sidan starten i 1996, og kvart einaste eksemplar har vore med på å styrke nynorskens posisjon både lokalt og nasjonalt, står det i grunngjevinga frå jurjen.

I fjor var det **Arve Sandal** som fekk den gjeve prisen.



MÅLPRIS: Torkjell Djupedal (t.h.) fekk Målprisen 2024. Her med leiari i Førde Mållag, Terje Lyngstad.

Prisa for framifrå målbruks

Geir Daasvatn fekk **mållaga i Setesdal** sin målpris for sin framifrå bruk av målet.

Ein målpris vert gjeven til folk eller organisasjoner som har gjort ein viktig innsats for nynorsken, om det er i arbeidslivet eller i det friviljuge arbeidet. Under kulturfesten på Ose i regi av mållaget i haust, vart målprisen delt ut. Det er første gong mållaga i Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland deler ut ein felles pris.

Målprisen 2024 gjekk til Geir Daasvatn for hans makelause innsats med å fremje Setesdal og nynorsk på ein særskild måte, sa Sigrid Greibrokk om grunngjevinga for tildelinga. Daasvatn har nesten 11.000 følgjarar på Setesdalssida på Facebook. Her deler han gladsaker og informasjon om Setesdal på framifrå nynorsk. Bakgrunnen for at det passa godt å gje ein felles målpris, handla også om rekkevida som prisvinnaren har i heile dalføret, og vel så det.

Prisvinnaren fekk overlevert ein sjekk på 10.000 kroner og diplom. Vi gratulerer så mykje!

Prisa «Veslebladet»

Vest-Telemark blad fekk Telemark Mållag sin målpris for 2024.

– For Vest-Telemark blad er det stor stas å få nett-opp denne prisen, sa bladstyrar **Øystein Øygarden**, då han tok imot prisen under Telemark Mållag sitt haustseminar i Seljord.



«STOR STAS»: Bladstyrar Øystein Øygarden med Vest-Telemark mållag sin målpris, eit trykk av kunstnaren Olav Bjørgum.

– Vest-Telemark blad blei skipa i 1973, og har i ettertid vore viktig i arbeidet for å styrke lokal kultur og nynorsk målbruk, seier leiaren i Telemark Mållag, Einar Søreide.

I 1973 var det eit stort lyft å få i gang ei ny avis for seks kommunar i det nynorske kjerneområdet i Telemark. Men mange eldsjeler hadde både tru og pågangsmot, heiter det i grunngjevinga for å gje prisen til avisa som no har eit rekordstort opplag på nær 6000 abonnentar.

Frå pionertida trekte Einar Søreide særleg fram den første styreleiaren, vinbyggjen Halvor Øygarden, og ikkje minst den første bladstyraren Tore Skaug og den allsidige bladfyken John Straume.

– I åra etterpå og fram til i dag har Vest-Telemark blad halde fram i dei gode spora, og vore eit uvurderleg bindledd for kommunane i regionen. Avisa har og vore viktig for å synge at nynorsk er fullt på høgde med bokmål som levande bruksmål, seier Einar Søreide.

Mållag på Gladager i Gran

Helga Alise Nordhaug og **Anne Berit Rækken** representerte **Hadeland dialekt- og mållag** på Gladager i Gran sentrum i sommar, mellom kjolar og laddar. Mange av dei som stakk innom vårt stand, prøvde seg på den populære dialektkvissen – ein ny kviss for kvar dag. Premie til dei beste var eit sett med Årbok for Hadeland med artiklar om vår alles Kirsten Langbo.

Dialektfestival i Strandebarm

Dialekt, identitet og respekt var tema på **Dialektfestivalen i Strandebarm** 27.–29. september. Biskopen i Børgvin, **Ragnhild Jepsen**, var heidersgjest på festivalopninga i Fosse-huset.

I år kunne ein høyrta føredrag om korleis stadnamn i Kvam har fått namnet sitt og kva namna tyder. I tillegg vart amerikabrev henta fram frå kister og arkiv.

10.-klassingane laga språkprogram for resten av ungdomsskulen på fredagen, og dei minste borna fekk vitjing av barnebokforfattar Vegard Markhus. I tillegg vart det yogaleik og eventyrtur i skogen. Begge dagane vart avslutta med dans.

Nobelfeiring i Lillomarka

■ Laurdagen før feiringa, den 28. september, tromma vi saman 12–13 personar frå arrangørlaga for å bera innover og utplasera alle skilta i terrenget og på trestammer langs den blåmerka stien nordover frå Evensetermyra/Solemskogen til Hordahytta. Arbeidet gjekk unna med liv og lyst, mykje latter og godt humør, skilta vart festa til trestammer med hesjatråd. Legg ved 2 bilete frå dugnaden, Gunnar Asting frå Hardinglaget er namnet på personen som har fått skilta på ryggen på det eine biletet.

■ Søndagen oppratt med flott haustver, om ikkje strålande sol så i alle fall sol innimellom og OK temperatur. Omlag 40–50 personar møtte opp til opning og snorklipping i svingen ved Evensetermyra og høyrdé på ein flott tale av statssekretær Hagen i Kulturdepartementet. Han sette Nobelpriisen inn i ein historisk og kulturpolitisk samanheng, helsa frå regjeringa og berømma oss for arrangementet. To herbuande, utflytte strandeberringar (Håkon Tangerås og Helga Riise) heldt i snora som statssekretæren klippe over.

■ Deretter bar det innover skogen med heile gjengen. Trur folk moroa seg med å lesa fortellinga om fjordahunden Olav som besøker skogahunden Bård og møter to byhundedamer av finaste slaget, og over dei morosame hundeteikningane som borna ved Møllergata skole hadde laga. Det var også ein del turgårarar, sopp-plukkarar, trimmarar og hundeluftarar som

gjekk heile eller delar av litteraturstien. Inne ved Hordahytta var det mellom 60 og 70 stykk som benka seg ved «frilufts-scena» som Hordalaget hadde laga til. Eg opna «showet» ved å lesa Fosse sitt vakre dikt «Strandebarm, Hardanger». Deretter las Melina frå Den Mangfaldige scenen andre delen av fortellinga «Du og du» til tonefølgje av Schwan som spelte oud. Dermed fekk publikum oppleva heile fortellinga «Du og du», første del i kortversjon på skilta, og andre del opplesen.

■ Så overtok Andreas Ljones og Gjertrud Jynge scena. Gjertrud framførte ein strålande monolog frå Triologien før ho avslutta med å lesa frå manuset til forestillinga «Eit lysande mørker» basert på Septologien, som ho skal framföra saman med Engegårdskvartetten på Operaen i desember.

■ Det var ei magisk oppleveling i haustsola ved Hordahytta. Etter programmet baude Hordalaget på te, kaffi, vaflar og eplekake inne i hytta – med varme på peisen, det blei litt kaldt ute då Andreas avslutta med Budeiene på Vikafjell.

■ Inntil vidare blir skilta no lagra i garasjen min, kanskje blir dei brukte i ein eller annan samanheng til neste år (t.d. som innslag i arrangementet Elvelangs eller eit Mållagsarrangement??). På sikt er det meinininga at Fosse-stiftinga skal overta skilta og laga ei «hundeløype» i tilknyting til det planlagte Fosse-senteret i Strandebarm.

John Kollveit



Heile Noregs songbok-app på nynorsk og samisk

Songbok-appen «Trall» er blitt tilgjengeleg på nynorsk, nordsamisk, sorsamisk, lulesamisk og engelsk.

■ Trall er ein digital songbok-app og vart lansert i 2022 av forskrarar og musikkpedagogar ved barnehagelærarutdanninga ved OsloMet. Per september i år er det meir enn 8.500 brukarar totalt, og nesten 1.500 daglege brukarar.

Så langt har appen berre vore tilgjengeleg med bokmål som språk, men no blir det mogleg å velje nordsamisk, sorsamisk, lulesamisk, nynorsk eller engelsk for å navigere i appen – uavhengig av kva språk telefonen eller nettbrettet er stilt inn på.

– Intensjonen bak Trall har heile tida vore å bevare og formidle, og i tillegg vidareutvikle den rike songkulturen vi finn i Noreg, seier leiar for Trall, Pia Lang-Holmen i ei pressemelding.

Omsetjinga til nynorsk betyr at Trall no

kan vere eit fullverdig læringsverktøy for Noregs mange nynorskkommunar. Trall har allereie songar på fleire dialektar.

– Undersøkingar vi har gjort i Trall-prosjektet viser at mange barnehagar og skular bruker tenester som Spotify og YouTube som støtte til song- og musikkaktivitetar. Vi ønskjer å tilby eit kvalitetssikra alternativ. Trall er som songbøkene som blei brukt før, men snakkar rett til sansane og inspirerer til leik, dans og song, seier Lang-Holmen.

NPK

Eitt år sidan nobelpriskunngjeringa:

5. oktober sett frå Noregs Mållag

Torsdag den 5. oktober 2023 klokka 13 vart det kjend at Jon Fosse skulle bli tildelt Nobelpriisen i litteratur. Her kjem eit lite **tilbakeblikk**, sett frå Noregs Mållag.

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ Dagen før, den 4. oktober, førebud Noregs Mållag seg på at Jon Fosse kan bli mottakar av Nobelpriisen i litteratur. Me har gjort dette før, snakka om at Jon Fosse kunne bli prisvinnar. Denne gongen finn me biletet me vil bruka, frå då han fekk Nynorsk litteraturpris for *Det andre namnet*. På føremiddagen flikkar me på gratulasjonsteksten som skal leggjast ut på Facebook og Instagram. Skrivarstova i Oslo følgjer med på tildelinga. Lunsjpausen blir utsett, slik at han betre går i hop med nobelpris-kunngjeringa.

– No er det berre eitt minutt att til Jon Fosse ikkje får nobelprisen, blir det sagt rundt lunsjbordet.

Så går dei kvite dørene opp og sekretæren i Svenska Akademien, Mats Malm, kjem ut og introduserer seg. Deretter held han fram:

«Nobelpriset i litteratur tjugo-jugotre tildelast den norske författaren ...»

Ingen tvil

– Dei første par sekunda etter dette hugsar eg eigentleg ikkje så mykje. Eg hugsar ikkje namnet Jon Fosse bli sagt, men det var ingen tvil om kven denne «norske forfattaren» kunne vera. Så eg berre spratt opp av stolen, tok tinga mine og byrja å springa dei par hundre metrane bort til Samlaget, mimrar redaktør i Norsk Tidend, Vemund Norekvål Knudsen.

Og den store jubelen frå alle rundt lunsjbordet på Skrivarstova i Oslo stadfestar det: Det var den norske – den nynorske – forfattaren Jon Fosse som skulle bli tildelt nobelprisen i litteratur. Klokka 13.05 publiserer Noregs Mållag gratulasjonshelsing. Ei helsing som vart sett, likt, delt og kommentert av tusenvis av folk. Det er den posten me har fått flest likarklikk på utan sponsing.

– Den femte oktober 2023 vakna eg med ei kjensle av at dette var året Jon Fosse skulle få nobelprisen. På veg til jobb gjekk eg innom polet og kjøpte cham-



MEST LIKT: Facebook-posten om at Fosse hadde vunne nobleprisen er ein av dei mest likte postene til Mållaget nokon sinne.



GRATULERER: Gro Morken Endresen på veg til å gje blomar og klem til Cecilie Seiness, redaktøren til Fosse på Samlaget.

pagne. Då døra gjekk opp og namnet Jon Fosse blei lese opp, sokk det i magen min. Eg visste ikkje heilt om eg kunne stola på det eg hadde høyrt, fortel Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

På ferjekaia

I dei fyrste sitata som vart sende ut på vegner av Jon Fosse, takka han nynorsken for nobelprisen, og sa at nynorsken, som var større enn han sjølv, fortente å få ein nobelpris. Litt seinare på dagen vart det invitert til pressetreff med Jon Fosse på ferjekaia på Frekhaug. I dei påfølgjande timane og dagane skreiv heile verda om nynorsk og språkhøva i Noreg.

- Det er n vinnar en

5. oktober er det eitt år sidan **Jon Fosse** (65) fekk telefonen frå Stockholm som snudde opp ned på nesten alt.
– Fyrst og sist vart eg glad. Og så byrja eg tenkja at det ikkje kunne vera sant, minnest nobelprisvinnaren.

JANI FARDAL
NPK

■ På eitt år har Jon Fosse gått frå å vera ein norsk kjendis til å bli allemannseige. Det Norske Samlaget har hamna på ei svært eksklusiv liste over forlag verda over.

– Denne prisen har gjeve oss ein aura som me ikkje hadde før, seier direktør Edmund Austigard på telefon frå haustferie i Göteborg. For første gong sidan han byrja i denne jobben i 2012 skal han ikkje stå klar saman med alle dei andre når årets prisvinnar blir annonserert.

Me kjem attende til kva denne nobelprisen betyr for Samlaget, men først må me høyra frå hovudpersonen sjølv om korleis dette året har vore. Då me sende e-post og spurde om eit intervju torsdag, fekk me raskt eit høfleg svar om at me kunne senda spørsmåla, så skulle han svara skriftleg. Her er intervjuet i sin heilskap.

Omsett til kring 60 språk

– Etter dette året er du og forfatterskapen din kanskje meir gjennomanalysert enn nokon gong, er det noko du har merka deg spesielt?

– Det er mange år sidan eg slutta lesa det som blir skrive om meg, same kva det er. Jau det kan henda eg kikar på det, men ikkje så mykje meir. Det som vel mest har skjedd det siste året er at prosaisten Fosse har vorte mykje meir kjend – agenturet mitt har skrive om lag to hundre kontraktar. Og talet på språk eg er omsett til er no kring seksti.

Kunne det vera sant?

– Kva har gjort størst inntrykk på deg sidan 5. oktober i fjor?

– Aller mest inntrykk gjorde nok telefonen frå Mats Malm då han fortalte at eg skulle få nobelprisen. Eg har vel inst innehatt ei tru på at eg kanskje kom til å få prisen, men eg trudde ikkje eg

oko heilt anna å vera nobelprisn forfattar og dramatikar



BESTSELJAR: Jon Fosse er i dag ein av dei aller største salssuksessane til Samlaget. Biletet er frå då han fekk Nynorsk litteraturpris i 2020.

Foto: Katrine Gade

skulle få han i fjar. Fyrst og sist vart eg glad. Og så byrja eg tenkja at det ikkje kunne vera sant.

Den andre store stunda var då kongen overrekte meg diplomet og medaljen, då var eg liksom formelt nobelprisvinnar. Og den tredje då eg letta kunne pusta ut etter at eg hadde halde nobelføredraget mitt, svarar Jon Fosse.

Noko heilt anna

– Korleis oppfattar du at denne prisen er positiv for nynorsken?

– Dette kan sikkert andre svara betre på enn meg, men eg kan ikkje tru anna enn at nynorsken har fått høgare status.

– Korleis er dette livet som nobelprisvinnar?

– Det siste året har vore travelt, med mykje virak. Det er noko heilt anna å vera nobelprisvinnar enn forfattar og dramatikar. Det fyrste er gjævt, kor gjævt det andre er, ja det er nok meiningsane delte om. Eg har fått eit tusentals invitasjonar, og har takka ja til nokre få. Men sjølv dei få har ført til meir reising enn eg ynskjer. Eg trur det roar seg no når ein ny vinnar snart blir kungjord, og i alle fall kjem eg framover til å takka nei til endå meir.

– Kva er det verste med å vinna

ein slik pris?

– All merksemda, alt styret. Eg vil helst leva så tilbakedrege og usynleg som mogleg.

– *Får du tid og rom til eit familieliv?*

– Eg svarar aldri på private spørsmål om familie(liv) og anna.

Ny roman kjem neste år

– *Får du ro og høve til å skriva? Viss ja, kva er du i gang med no?*

– I sommar fekk eg rydda tid til ein lengre periode med berre eit par intervju. Då klarte eg å gå igjennom og gjera ferdig ein roman som heiter Vaim. Den kjem ut til neste år.

– *Til slutt, har du nokon favoritt til årets nobelpris i litteratur?*

– Eg har stor sans for australiske Gerald Murnane, som eg har omsett ein roman av, og held no på med den andre, men eg twilar på at han får prisen. Ungarske Lazlo Krazenhorkai trur eg får prisen før eller seinare. Han er nok den beste forfattaren eg har lese i seinare år. Men i år trur eg prisen går til ein asiatisk forfattar. I fleire år har jo kinesiske Can Xue vore eit fyrsteval på tippelistene og sentral i spekulasjonane. Eg har ikkje lese noko av henne, men eg ser fram til å gjera det anten ho

får prisen eller ei, svarar fjarårets nobelprisvinnar, Jon Fosse.

Over 100 000 bøker

Uansett kven det måtte bli, forlaget som får prisvinnaren må førebu seg på ei ny tid. Det er nemleg eit før og eit etter når me snakkar om ein pris i denne kategorien. Og det har ikkje berre med boksal å gjera, sjølv om det betyr svært mykje at det i månadane frå 5. oktober i fjar og til 1. september i haust vart selt over 100 000 Fosse-bøker og notert meir enn 50 000 strøymingar.

– Det betyr også svært mykje for oss å vera på den eksklusive lista over forlag i denne kategorien. Det opnar mange dører og gjer det mykje lettare å få i boks internasjonale avtaler, seier forlagsdirektør Edmund Austigard. Han dreg også fram kor verdfullt det er å vera eit kjent namn i den internasjonale medieverda, for aviser som New York Times, El País, The Guardian og mange, mange fleire.

– Eg håpar, ja eg veit, at dette også betyr mykje for dei andre forfattarane våre – dette gjer noko med sjølvbiletet vårt. Glansen av nobelprisen kastar av seg på oss, seier direktøren.

Han trur også at dette styrker rekrutteringa av nye, unge forfattar-

tar-talent og innser at det å faktisk få nobelprisen har vore mykje større, mykje meir påtrengjande, enn han såg føre seg alle dei åra dei stod der framfor TV-skjermen og håpa på å få prisen.

– Jon Fosse og nobelprisen kjem til å halda oss varme i lange tider framover, konstaterer forlagsdirektør Edmund Austigard etter det første året «der oppe» ...

[red. tillegg]:

Denne sakana var skriven før mottakaren av nobelprisen vart kjend. Prisen vart i år tildelt til den sørkoreanske forfattaren Han Kang. Jon Fosse gratulerte Han Kang med tildelinga, og hadde eitt råd til mottakaren:

– Lær deg å seia ordet nei! Du kjem til å få hundretals, ja tusentals invitasjonar, så ikkje gløy om å takka nei til dei tidlege, skreiv Fosse i ei melding til VG.

Han innrømte at namnet var ukjend for han, men understreka det høyrdes ut som ein verdig vinnar.

Og sjølv sagt var det på tide at Sør-Korea fekk sin nobelpris. Det er eit land med stor interesse for litteratur. Fleire av stykka mine er spelt der, og fleire bøker er utgjevne, fortalte Jon Fosse til VG.

Austmannalaget 125 år:

Mållaget samla seg i Elverum

For 125 år sidan vart Austmannalaget skipa i Elverum. Siste helga i oktober feira Noregs Mållag og Austmannalaget med **nasjonalt seminar**.

■ – Det er ikkje kvar dag at me har eit nasjonalt arrangement i Elverum, så no fekk me eit godt høve når me kan vera med på feiringa av Austmannalaget, seier Live Havro Bjørnstad, nestleiar i Noregs Mållag.

Ta vare på dialektane

Å ta vare på dialektane og det språklege mangfaldet i Noreg har vore eitt av mange emne på seminaret. Anders Jan Larsson frå Solør dialekt- og mållag snakka om dialektene og dialektarbeid i Solør, medan Margrethe Haarr, stortingsrepresentant (Sp) som sit i Familie- og kulturkomiteen, snakka om dialektpolitikk sett ifrå Stortinget. Ho peika på at det er viktig at unge folk ser andre unge folk bruke dialekt. Ho synte også til at Matoma, som har snakka for lokalskulen sin på den lokale dialektene, vert ein viktig identitetsmarkør for dei lokale elevane. Det viktigaste verktøyet Stortinget har, er å løyve pengar og vedta lover.

Margrethe Haarr peika på at både distriktpolitikk og kulturpolitikk kan vera viktig for dialektane.

– God distriktpolitikk er viktig for å ta vare på dialektane, og vi må prioritera kulturpolitikk som kan vera med å løfta dialektane.

Silje Nathalie Luvåsen er vaksen opp i Brummundal og skifta til nynorsk då ho var lærarstudent ved Høgskolen i Innlandet. Ho snakka om korleis det var å skifta til nynorsk, og korleis det er å bruka nynorsk som lærar i vidaregåande skule i Oslo.

Eldst

Austmannalaget som vart skipa 7. januar 1899 i Elverum, er det eldste fylkesmållaget i Noregs Mållag. For 125 år sidan var det fleire som meinte at no måtte ein ikkje overlate nynorsken til vestlendingane, no måtte Austlandet ta tak. Fleire kjende namn frå denne tida tok initiativ til laget, blant dei Sven Moren, Arne Garborg og Hagbart Berner.

– I 2010 var det 396 medlemer i fylkeslaget. Og sidan den gong har det berre blitt fleire og fleire. I fjor hadde laget 710 medlemer,



FEIRA NYNORSK I AUST: Det var over 60 målfolk samla på feiringa av Austmannalaget i Elverum i november. Blant dei var Anders Jan Larsson frå Solør dialekt- og mållag, gjest og stortingsrepresentant Margrethe Haarr (Sp), varamedlem til styret Silje Nathalie Luvåsen og nestleiar Live Havro Bjørnstad.

og til no i år har Austmannalaget blitt smått utrulege 752 medlemer! Held det fram slik, er storleiken på Austmannalaget snart dobla samanlikna med for 14 år

sidan, seier Live Havro Bjørnstad. Det var stor breidd i programmet. I tillegg til dialekt-saka er både nynorsk i lærarutdanninga, skogfinnane og nynorsk inn i

Grunnlova viktige emne, for å nemne noko. Og laurdag kveld vert det festkveld for Austmannalaget.



NYNORSKORDFØRAR: Rådmann Anita Hesthamar, ordførar Torgeir Næss og kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery under pristildelinga på Nasjonalbiblioteket i Oslo.

Foto: Peder Skjelten / NPK

Kvam herad er Årets nynorskkommune

Kvam herad vart i oktober kåra til Årets nynorskkommune 2024. Kvam herad har fått prisen for «**sitt språklege medvit**», for sin aktive bruk av målet og for å invitera verda inn i nynorsken».

PEDER SKJELTEN

NPK

■ – Prisen betyr mykje. Det gjer oss stolte at arbeidet vårt blir sett og verdsett av Språkrådet. Spesielt er vi nøgde med arbeidet vi har gjort med flyktningane, seier Torgeir Næss, ordførar i Kvam Herad, til Nynorsk pressekontor.

Han tok på vegner av kommunen imot prisen Årets nynorskkommune frå Språkrådet. I år la

Om prisen

- Prisen blir delt ut kvart andre år og kan gå til ein kommune eller fylkeskommune som viser til:
- Aktiv bruk og synleggjering av nynorsk i (fylkes)kommunale planar, kommunikasjonsarbeid og kulturarbeid
- Eigne retningslinjer for nynorskbruk i (fylkes)kommunen og opplæringstilbod for tilsette
- Tiltak som fremjar bruk av nynorsk i næringslivet
- Opplæringsstilbod for innvandrarar og flyktningar på nynorsk
- Tidleg nynorskinnslat i barnehagar og barneskule
- Tiltak som utvider bruken av nynorsk eller fremjar bruken av nynorsk på nye område

juryen særleg vekt på korleis kommunane sikrar at innvandrarar og flyktningar får eit godt tilbod for opplæring i og på nynorsk.

Fosse-land

– Kvam har hatt eit langsigktig arbeid for nynorsken innan barnehage, skule og voksenopplæring. Dei har gjort ein imponerande jobb i alle ledd. Dei har sørgd for at skulen har godt utval av bøker på nynorsk, og at nye landsmenn som busett seg der, får opplæring på nynorsk. Det er klokt, seier kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery (Ap) då ho overrekte prisen.

Det er berre eitt år sidan ein annan kvemming blei tildelt ein høghengande pris. Jon Fosse frå Strandebarm i Kvam herad blei tildelt Nobelprisen i litteratur i fjor, og både ordføraren i Kvam og kulturminister Lubna Jaffery trekte fram han som ein viktig ambassadør for nynorsken i Kvam.

– Vi i Kvam er stolte av at alle kjenner til Strandebarm gjennom

Fosse. Likevel har Fosse skrive i mange år før han fekk Nobelprisen i litteratur. Og mellom anna skulane i Kvam har jobba med tekstane hans i fleire år, seier ordføraren.

– At Jon Fosse blei tildelt Nobelprisen i litteratur for forfatterskapen i fjor, er òg ei anerkjenning av nynorsken. Det er ikkje verst med ei lokal superstjerne i Kvam som dreg i retning av nynorsken, seier Jaffery.

Det er Språkrådet som står bak prisen Årets nynorskkommune. Prisen har blitt delt ut sidan 2009, og har sidan 2022 blitt delt ut annakvart år. Prispengane på 200.000 kroner går til ein kommune eller fylkeskommune som tar særleg godt vare på det nynorske skriftspråket.

Tidlegare vinnarar er Vestland fylkeskommune (2022), Ål (2021), Voss herad (2020), Ålesund (2019), Vinje (2018), Sveio (2017), Time (2016), Førde (2015), Radøy (2014), Ørsta (2013), Sogn og Fjordane (2012), Fjell (2011), Seljord (2010) og Stord (2009).

Organisasjonen Nynorsk bedriftsforum er godt nøgd med rekrutteringa. Dei har over **40 medlemsbedrifter**, alt frå store selskap med over 200 tilsette til enkeltpersonføretak.

Nynorsk fengjer stadic fleire i næringslivet

BENT TANDSTAD

NPK

■ – Vi har medlemsbedrifter i fem ulike fylke. Det er alt frå små selskap som sel velværeprodukt til store båtprodusentar, bankar og teater. Felles for alle er at dei held til i område der nynorsken står sterkt, og det er menneske som er bevisste på å bruke språket sitt også på jobb, fortalar dagleg leiar Monika Haanes Waagan til Nynorsk Pressekontor.

Å bruke eit minoritetsspråk både internt og i marknadsføringa kan by på problem for mange, fortel Haanes Waagan. Ho meiner desse problema kan delast inn i tre.

– Første punkt er nynorskkompetansen. Mange av dei som byrar å jobbe i bedriftene våre har kanskje vakse opp med nynorsk, men så har dei teke ei utdanning der nynorsk har vore fråverande. Heile fagtermen deira er på bokmål, og dei har mist sjølvtilleit på å bruke språket sitt. Dette er noko fleire av medlemsbedriftene våre har sagt er eit problem, seier ho.

Ei problemstilling nummer to er tilgang på programvare og IT-løysingar på nynorsk. Det som finst på norsk er i all hovudsak berre å få på bokmål.

Diskriminering

– Eit tredje punkt er at dei som sel varene sine på nettet, opplever at dei blir diskriminerte av dei store søkjemotorane. Men andre igjen seier at det ikkje er noko problem. Det er faktisk fleire som har valt å marknadsføre seg på nettet på begge målformene, men det er både arbeidskrevjande og dyrt, legg ho til.



Kommunikasjonsdirektør Johanne Viken Sandnes i Sparebanken Sogn og Fjordane, som snart blir ein del av Sparebank 1-konsernet.

Foto: Sparebanken Sogn og Fjordane

Monika Haanes Waagan meiner det viktigaste framover er å sikre ei god nynorskopplæring heile vegen, frå barnehagen til høgare utdanning. I dag fungerer det bra i barneskulen, så blir det dårlegare i ungdomsskulen, der ein del sluttar med nynorsk. Mykje takk vere dårlegare tilgang på digitale læremiddel på nynorsk. Så kjem vidaregåande, og der er fråfallet endå verre. Og verst er det for lærlingane.

– Når det gjeld høgare utdanning, så tapar nynorsken heile tida. Stadig mindre blir publisert på nynorsk. Vi er heilt på line med Mållaget om at det må stillast krav til akademia om å utvikle nynorsken som fagspråk. Dei må ta på alvor at ein del av studantane er nynorskbrukarar, seier leiaren for Nynorsk bedriftsforum.

Truverdig marknadsføring

Professor i marknadsføring, Lars Olsen ved Handelshøyskolen BI,

meiner bruken av nynorsk som språk i marknadsføring kan vere svært effektivt. Sidan nynorsk er så lite samanlikna med bokmål, vil marknadsføring på nynorsk skilje seg ut.

– Vi kjenner til svært vellukka reklamekampanjar på nynorsk, til dømes den for spekesinka frå Stranda. Her blir språket brukt til å skape identitet. Også saft- og syltetøyprodusenten Lerum i Sogndal har brukt nynorsk som ein del av identitetsmarkeringa, seier han.

Olsen meiner marknadsføring på nynorsk og/eller dialekt fører til auka truverd og meir genuinitet for varer og tenester frå eit område der det er naturleg.

– Men skulle til dømes Oslo-bryggeriet Ringnes ha marknadsført seg på nynorsk, ville det vore unaturleg. Språk er viktig, og ein må bruke det målbiletet som passar for produktet, seier BI-professoren.



Monika Haanes Waagan er dagleg leiar for Nynorsk bedriftsforum.

Foto: Nynorsk bedriftsforum.

– Nynorsk fungerer bra

Dosent i marknadsføring ved Høyskolen Kristiania, Trond Blindheim, meiner at nynorsk fungerer svært bra som marknadsføringsspråk. Han trur årsaka til at bokmål likevel er dominerande, er at bokmål er størst og noko alle her i landet forstår.

– Eg har sjølv jobba som tekstforfattar i eit reklamebyrå. Grunnen til at vi i hovudsak brukte bokmål er at det ville bli altfor dyrt å ha reklamen på begge målformene. Så derfor brukar reklamebyråa eit språk dei veit alle



Monja M. Mjelva og Sindre Mjelva er fjerde generasjons vertskap på nynorskhotellet Union i Geiranger.

Foto: Cornelius Poppe / NTB / NPK



Trond Blindheim er dosent ved Høyskolen Kristiania. Foto: Høyskolen Kristiania

forstår. Men eg trur faktisk at alle her i landet forstår nynorsk, seier Blindheim.

- Heilt naturleg bankspråk

- For oss er det heilt naturleg å bruke nynorsk i marknadsføringa, også når vi vender oss mot folk som ikkje bur i typiske nynorsk-område. Det er ein del av identiteten vår, seier kommunikasjonsdirektør Johanne Viken Sandnes i Sparebanken Sogn og Fjordane til Nynorsk Pressekontor.

Banken, som i november blir ein av 13 bankar i Sparebank 1-gruppa, har mange kundar også utanfor heimfylket, men det har

aldri vore aktuelt å bruke eit anna språk enn nynorsk i kommunikasjonen.

- Vi har kundar over absolutt heile landet. Det er ingenting som tyder på at nokon blir skremt av nynorsk. Vi har brukt det heile vegen, og det skal vi halde fram med, seier ho.

Når banken no skal bli ein del av Sparebank 1, så har dei lagt ned eit stort arbeid i å omsetje nettsidene til konsernbanken til nynorsk. Sparebanken Sogn og Fjordane, som har hovudkontoret sitt i Førde, har heile tida hatt ein nettbank og nettsider på nynorsk. Ein av føresetnadene for å gå inn i det nye samarbeidet, var at nettbanken framleis skal vere på nynorsk.

- Vi opplever at Sparebanken 1 har vore svært imøtekommende på dette feltet, og dei har vist stor velvilje overfor nynorsken. Mobilbanken gjorde dei tilgjengeleg på nynorsk alt i fjor haust, noko som gjorde at nynorsk vart tilgjengeleg for alle Sparebank-1-kundane, same kva bank dei er kunde i. Dei har også lagt til rette for at vi får nettsider på nynorsk, og

dese blir klare til vi blir SpareBank1-bank i november, fortel Viken Sandnes.

Språk som verdi i reiselivet

Også i reiselivsnæringa er det mange bedrifter som ligg i typiske nynorsk-område, og som nyttar nynorsk i kommunikasjonen med publikum. Hotel Union i Geiranger, er ei av reiselivsbedriftene som har eit bevisst forhold til språket dei nyttar.

- Vi er tru mot det vi har. Vi har ein verdi som seier at vi skal vere varme og ekte, og då må vi bruke nynorsk. Språket er ein del av identiteten og historia vår, slik som resten av kulturhistoria, seier hotelldirektør Monja M. Mjelva.

Ho viser til songen «Vestland, Vestland, når eg ser deg slik», skriven av lyrikaren Tore Ørjasæter, som sjølv hadde slektsrøter i Geiranger, sjølv om han var fødd i Skjåk. Det var i Geiranger han fekk inspirasjonen til denne teksten, som Sigurd Førsund tonesette og Sissel Kyrkjebø gjorde udødeleg.

Monja Mjelva har aldri opplevd negative reaksjonar på at dei nytt-

tar nynorsk i all kommunikasjon og marknadsføring.

Held på bokmålet

Det er ein del reiselivsbedrifter som likevel nyttar bokmål i marknadsføringa, sjølv om dei ligg midt i vestlandsnaturen og i typiske nynorsk-område. Eitt eksempel er Vatnahalsen Høyfjellshotell i Flåm. Hotelleigar Petter Andresen seier at det ikkje er på grunn av at dei trur nynorsk er eit dårlegare språk enn bokmål. Det er rett og slett fordi ingen på hotellet beherskar nynorsk, og at dei såleis ikkje har sett seg syn med å omsetje nettsidene sine.

Også Fretheim hotell nede ved fjorden i Flåm nyttar bokmål i marknadsføringa, medan den store attraksjonen i kommunen, Flåmsbana, brukar nynorsk. Vøringsfossen Hotell og Fossli Hotell i Eidfjord brukar også nynorsk. Det gjer også store hotell som Alexandra i Loen i Nordfjord og Kviknes i Balestrand i Sogn. Hotell Ullensvang i Hardanger er derimot eitt av dei større hotella som marknadsfører seg på bokmål.



«Ein litterær tur på utvalde ferjesamband, til skrek og fornøyelse.»

- Gro Jørstad Nilsen, *Bergens Tidende*

«Spelemann er noe så sjeldent som en selvkrevet selvbiografi fra en musiker. Mye er skarpt observert, noe er dyptrørende og noe høyst alminnelig.»

- Andreas Wiese, *Dagbladet*

I *Der ingen var einsam* skildrar journalist Arill Riise kva som gjekk tapt då klyngetunet vart rive bort av snøskred. Dette er historien om korleis det var å bu så tett på kvarandre i denne buforma som nærast ikkje finst lengre.

ÅRETS Gåvebøker



«Storslått! ... Gjennomarbeidet, velskrevet, lett å lese, ispedd humor, analyse, omtale av vanskelige hendelser med varme, varsomhet og kjærlighet.»

- Guri Hjeltnes, *VG*

«... historia om landet vårt i miniatyr

- kort og skarpt fortald.»

- Knut Hoem, *NRK*

«En meditativ mosaikk av dikt, prosa og bilder. ... *Lauvhytter i skogen* kan sammenlignes med en kunstutstilling, der tekstene taler til hverandre med poetiske bilder av fjord, fjell og fruktdyrking, i dialog med nye foto»

- Tom Egil Hverven, *Klassekampen*

Sjå meir på Samlaget.no

Samlaget

Ho har slåst og vunne for nynorsken i Bergen

Oddny Miljeteig – ei av dei viktigaste utestemmene i Bergen – fylte 70 år 5. oktober.

■ På mållagslandsmøtet i Vinje i 2018 blei SV-kjempa heidersmedlem i Noregs Mållag. I 1899 samla bygdefolket seg i Vinje kyrkje for å røyste vekk dei danske salmane til fordel for Elias Blix sine nynorsk-salmar. Kvinnene fekk ikkje røyste. Nynorsken vann, men kvinnene blei forbanna, organiserte seg og blei ein del av ein årelang kamp for allmenn røysterett. Det går ei linje frå damene i Vinje til Oddny.

■ Ingen andre har på eiga hand verva like mange nye medlemer til Noregs Mållag som Oddny. Under sidemålsstriden i 2012 var ho ein avgjerande viktig spelar. I studietida var ho aktiv i Studentmållaget i Bergen. Målungsdomane dreiv eigen utestad i Vaskerelven. Målkjellaren, som det heitte, selde øl og pølser i brød, og heldt oppe lenge etter at dei andre pubane stengde for natta. Somme ting var betre før. Puben blei ein rekrutteringssentral for målsaka, sjølv om det nok var meir ølbule enn målreisingstiltak.

■ For om lag ti år sidan ville Høgre ha valfritt sidemål i bergenkskulen, men Oddny og opposisjonen trædde eit forsøksprosjekt med nynorsk på barneskulen i bergenkskulen nedover blåskjortene deira.

■ Dette blei eit slags startskot for ei historisk nynorsksatsing i Bergen, utan sidestykke, og som Oddny skal ha ein stor del av æra for. Den nynorskvenlege vinden som har blåse gjennom bystyresalen i Bergen dei siste åra, har auka i styrke for kvar gong nynorsk har blitt diskutert.

■ Nynorsksatsinga i Bergen er enorm, og blei på mange måtar eitt av mange flotte punktum for Oddny sitt bypolitiske engasjement.

■ Noregs Mållag har mykje å takke deg for, Oddny. Gratulerer med 70 års-dagen din!

Peder Lofnes Hauge

VERVEDRONNINGA: Ingen andre har på eiga hand verva like mange nye medlemer til Noregs Mållag som Oddny Miljeteig. Arkivfoto: SV/Wikipedia



15 899 medlemer

Kven blir medlem 16 000?

Høg måloppnåing sidan 1906!

2024
16 000?

1986
13 849

2022
15 046

1925
11 055

1949
7 374



Har du verva alle du bur med?

Husstandsmedlemer får halv pris på ordninær sats.

Det kostar 200 kr å bli ny medlem (ut heile 2025), og frå 2026 får husstandsmedlemen rabatt.



nm.no/bli-medlem



PÅ VEGEN: Nynorskstafetten tek til for 11 året på rad i år. Her er nokon av dei som har vore med.

På vegen i sørvest

I tre veker, frå 28. oktober til 15. november, rulla **Nynorsk-stafetten** gjennom Nordhordland, Haugalandet og Agder.

■ Sidan 2013 har Norsk Målungsdom og Noregs Mållag reist rundt i landet kring tre veker kvar haust for å samle og spreie kunnskap om nynorsk. I år er Nynorsk kultursentrum med som samarbeidspartner, og tek med seg eit rikt kulturprogram ut på Nynorskstafetten.

Nynorskkommunane i LNK skal mellom anna delta på møte med kommunaleiinga og rektorar i fleire medlemskommunar – og skal òg bidra på inspirasjonssamlingar for lærarar og andre samlingar. I tillegg gjev Nynorskstafetten veldig viktige bidrag på fleire samlingar for barnehagetilsette og lærarar.

Nynorskstafetten går til rand-

soneområde der nynorsk er under press. Gjennom stafetten snakkar Noregs Mållag, Norsk Målungsdom og andre nynorskorganisasjonar med alt frå ordførarar, bedrifter, rektorar, lærarar til elevar for å høyra kva som skal til for å gjera det lettare å bruk nynorsk i deira område. Målet er å lytta, læra, spreia kunnskap og gje ny kveik i arbeidet for nynorsk.

Nynorsk litteratur til skular i ransonene

I 2024 er Nynorsk kultursentrum med på Nynorskstafetten, og tek sine etappar med eit mangfaldig kulturprogram.

– Vi har lagt vekt på å synne fram litteratur og kultur på nynorsk, særleg i skulane. Det er særleg viktig at elevar i områda der nynorsk er under press får oppleve aktuell og sterk nynorsk litteratur, seier Olav Øyehaug Opsvik, direktør i Nynorsk kultursentrum.

– Det har òg vore viktig for oss å samarbeide med og stø lokale aktørar, slik som Nynorskdagane

i Alver, Blest litteraturfestival i Tysvær og barnelitteraturfestivalen Falturiltu på Stord, legg Olav Øyehaug Opsvik til.

Nynorsk i næringslivet

– I Knarvik og i Ølen samarbeider vi med Nynorsk bedriftsforum og lokale aktørar for å fremja nynorsk og godt språk i næringslivet. Linda Eide held føredraget «Klinkande uklart» om kor viktig det er med tydeleg språk, og Nynorsk bedriftsforum informerer lokale bedrifter om jobben dei gjer for å gjera det like lett å vera nynorskbedrift som bokmålsbedrift, seier prosjektleiar hjå Nynorsk kultursentrum og konsernator Fredrik Hope.

Lagsbygging i Mållaget

– Dette er eit svært viktig organisatorisk løft for oss kvart år. Vi opplever at vi får svært mykje att for det, både politisk og organisatorisk. Vi får samla gamle lag til ny giv, skipa opp att lag og treft lag som har arbeidd jamt godt over mange år. I år er det fyrste gong eg får til å vera med

på Nynorskstafetten og det er både nyttig og kjekt for meg, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

I kalenderen til Mållaget kan du lese dag-for-dag-programmet for Nynorskstafetten.

Dette er eit svært viktig organisatorisk løft for oss kvart år. Vi opplever at vi får svært mykje att for det, både politisk og organisatorisk.

Peder Lofnes Hauge

■ kviss • Audun Skjervøy

- 1 Kristofer Uppdal gav for hundre år sidan ut romanen *Herdsla*. Kva romansyklus blei avslutta med romanen?
- 2 Kva sunnmøring skreiv målklassikaren *Nokre Or te Bondevenne og Maalmenn*?
- 3 Kva brotsverk var det gjenferdet deildegasten hadde gjort?
- 4 Th. Kittelsen teikna Sjøtrollet i 1887 – kva anna nemning er brukt om gjenferd etter menneske som har drukna langs kysten?
- 5 Berre éin president i USA har sete meir enn to periodar – kven?
- 6 Kven var visepresident i USA under George W. Bush?
- 7 Kor mange ministerpostar hadde Sylvi Listhaug mellom 2013 og 2020?
- 8 Kvar har det nystarta Nynorsk scenspråksenter kontoret sitt?
- 9 Kva fylkesmållag feirar 125 år i år?
- 10 Når okkuperte Israel Vestbreidda?
- 11 Kva by i Israel har størst muslimsk befolkning?
- 12 Leiarar frå heile verda møttest til klimakonferansen COP29 i Baku i midten av november. Kva er COP ei forkorting for?
- 13 CO₂ er ein viktig klimagass, men kva gass står for den største delen av drivhuseffekten i atmosfæren?
- 14 Den iranskfødde regissøren Ali Abbaszadeh har gjort seg upopulær i visse krinsar av USA med den siste filmen sin – kva heiter filmen?
- 15 Kva dataspel er ein sentral del av filmen Ibelin?
- 16 Vinteren nærmar seg og vi skal handle ved – kor mange kubikkmeter går det i ei famn – 1,4, 2,4 eller 3,4?
- 17 Famn er også brukt til å måle lengd – kor mange fot er det i ei famn?
- 18 «Det e itjnå som kjæm tå sæ sjøl / Sjøl e du lett som ein spøl», song Hans Rotmo. Kva er ein spøl?
- 19 Kva er ein døgenikt?
- 20 Og kva i all verda er fobofobi?

- 20 Frykt for fobilar, angst for forbien i sege sjølv
- 19 Ein lait og dudigeleg person
- 18 småbunt, ungut, liten mannsperso
- 17 sek
- 16 2,4 (2 m x 2 m x 0,6 m)
- 15 «World of Warcraft»
- 14 The Apprentice
- 13 vassadamp
- 12 The Conference of the Parties
- 11 Nasaret
- 10 Under sekstdagskjigen i juni 1967
- 9 Austmannalægget og Trondheimsleger
- 8 ! førede og folkekjeminstester, olje- og energiminister
- 7 fem - landbruks- og miljominister
- 6 Dick Cheney
- 5 Franklin D. Roosevelt (1933-1945)
- 4 drøg
- 3 Han hadde flytta grønesteinar.
- 2 Olavur Fjørtoft
- 1 Dansem gjennom skuggaheimein

Nynorsk redaktørpris til Norsk Barneblad-sjefen

Nana Rise-Lynum i Norsk Barneblad er tildelt Nynorsk redaktørpris for 2024. Det er første gong Mediemållaget gir prisen til redaktøren for ein publikasjon som rettar seg mot barn.

■ – Eg fekk nærmast sjokk, eg vart heilt sett ut av telefonen som fortalte at eg skulle få redaktørprisen. Det kom veldig uventa, men det er ei stor glede, seier Nana Rise-Lynum til Nynorsk pressekontor.

Norsk Barneblad har kome ut utan stans sidan 1887, og det er truleg det eldste eksisterande bladet for barn i verda. Rise-Lynum, som har vore redaktør sidan 1999, er den einaste fast tilsette i bladet, men ho har god hjelp av Aina Griffin, som er ansvarleg for bladbunaden.

Positiv utvikling

– Aina er eit oppkomme av gode idear og måtar å presentere stoffet på. Så prisen er litt til henne også. Hadde eg vore heilt åleine så hadde det nok vore tungt, seier prisvinnaren.

Ho fortel at utviklinga til Norsk Barneblad er positiv. Det kjem til stadig nye abonnentar, og tilbakemeldingane frå både barn og foreldre er gode. Bladet kjem ut ein gong kvar månad og tek føre seg eitt spesielt tema i kvar utgåve.

– Vi får masse skryt, og det er til stor glede for ein redaktør. Eg opplever at både barn og vaksne synest det er fint å lese på papir. Det er noko heilt anna enn å lese på skjerm. Og foreldre og barn kan lese det saman. Det er kjempefint at dei meiner at Norsk Barneblad er interessant nok, og at både små og store kan lære noko nytt, seier redaktøren.

Nana Rise-Lynum forttrur oss at ho prøver å lage bladet ho sjølv ville ha då ho var barn.

– Barn er nysgjerrige, dei vil lære og synest det er kjekt å bli utfordra. Vi er ikkje eit lettvint underhaldningsblad, og det tenkjer eg er bra, legg ho til.

September-utgåva av bladet handla om språket og korleis det har utvikla seg. Her får lesarane vere med gjennom språkhistoria frå vi først byrja å kommunisere via stemma, vi får vite kvifor språka er ulike og mykje meir. Som vanleg har redaktøren fått hjelp av ekspertar på området, slik at ho kan vere sikker på at det som kjem på trykk er korrekt.

– Responsen har vore enorm. I tillegg til blada som går ut til abonnentane har vi selt mange



NY PRIS TIL NANA: Nynorsk redaktørpris går i år til Nana Rise-Lynum, som har vore ansvarleg redaktør i Norsk Barneblad sidan 1999. Her er ho med siste utgåve av Norsk Barneblad.

Foto: Norsk Barneblad

utanom. Vi er nærmast utselde, fortel ho.

Har framleis piffen

63-åringen frå Brandal i Møre og Romsdal har ingen planar om å gi seg som redaktør i Norsk Barneblad.

– Ein skulle tru at piffen hadde gått ut av meg etter så lang tid, men det har ikkje skjedd. Eg tek eitt år om gongen, og så lenge eg har lyst er det greitt å halde på. Men i løpet av nokre år er det viktig å få yngre krefter med nye idear til å ta over, avsluttar Nana Lynum-Rise.

Dette er den andre målprisen Nana Rise-Lynum har fått i år. I april vart ho tildelt den gjeve Målprisen, som skal gå til folk og institusjonar som har gjort ein ekstra viktig innsats for nynorsken. Prisen er den høgste utmerkinga som Noregs Mållag deler ut.

Å ta bladet inn i vår tid


Dette er grunngjevinga for å gi Mediemållagets redaktørpris til Norsk Barneblad-sjefen.

«Då Nana Rise-Lynum tok over som redaktør, stod både bladet og medieverda elles framfor den digitaliseringa som vi no har levd med ei god stund. Likevel våga ho å satsa vidare på det fysiske papirformatet. Ho har bidratt til fornying, både i innhald og formgjeving, noko som òg har vist seg gjennom at bladet fekk prisen for beste design av Norsk tidsskriftforening i 2021.

Denne tildelinga er litt annleis enn dei andre prisane vi har delt ut. For første gong går prisen til redaktøren for ein publikasjon som rettar seg mot barn. Å laga journalistikk og lesestoff på nynorsk for barn er viktig språkleg leiarskap. Det skapar språkleg tryggleik og nye nynorskbrukarar. Under redaktørgjerninga til Nana Rise-Lynum held Norsk Barneblad fram med å ta barn på alvor, skapa engasjement, lese- og skriveglede. Slik har ho greidd å både vidareføra ein stolt tradisjon i den nynorske skriftkulturen og å ta bladet inn i vår tid.»


kryssord nr 5 • 2024

Einar Søreide



løsing

Nr. 4 - 2024



Vinnarar av kryssord nr. 4, 2024:

Send løsinga til:

Noregs Mållag
Dronningens gate 22
0154 Oslo

eller e-post:

norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

Frist: 21. januar

Merk sendinga «Kryssord».

Rett løsing kjem i neste utgåve.
Tre vinnarar vert trekte ut og får
ein fin premie.

Namn:

Adresse:

Postnummer/-stad:

VINNAR AV NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS 2024



NORDFJORDKOMPANIET



SAMAN GJER VI NORDFJORD
SUPRARE

NORDFJORDKOMPANIET PRESENTERER VI GJER NORDFJORD SUPRARE EI SATSING FOR ALLE SOM VIL BIDRA TIL Å GJERE NORDFJORD SUPRARE
LÆRLINGAR OG LÆREPLASSAR SUPERLÆRLING JOBB I NORDFJORD SUPERJOBB FRITIDSAKTIVETAR SUPERFRITID
FINN DIN YRKESVEG JAKTA PÅ SUPERKREFTENE NETTVERK FOR ALLE I NORDFJORD HEIA NORDFJORD

www.nordfjordkompaniet.no



SPRÅKHISTORIE: Målferd er eit fast opplegg utvikla av Målungdommen, der dei freistar skapa språkleg medvit, fortelja om norsk språkhistorie og informerer om språkrettane til elevar i ungdomsskulen og vidaregåande.

Ei reise-erindring frå Nynorskstafetten 2024

Stormen Jakob stoppar ikkje Nynorskstafetten.

I ÅR, SOM alle år sidan 2013, har Noregs Mållag og Norsk Målungdom kledd om ein leigebil i oransje fargar med svart tekst. NYNORSKSTAFETTEN stod stort over både panser og side på denne bilen då han i år køyrt ut frå dei nye kontorlokala våre midt i Oslo sentrum.

DENNE BILEN SOM skal reise så langt med både unge og vaksne målfolk hadde i år ein sviptur innom Elverum. På, eller i Elverum, som dei lokale seier, skulle bilen denne helga kaste glans over parkeringsplassen utanfor Elgstua. Kva skulle denne kvite bilen med påklistra bokstavar gjera mellom fire falske elgar?

JO, DENNE HELGA hadde nemleg Noregs Mållag ein jubilant! Austmannalaget fyller 125 år i år, og denne helga samla målfolk frå heile landet seg til denne feiringa! Denne helga på Elgstua Hotell vart fylt med landsrådsmøte, haustseminar og ein real fest-

middag med god underhaldning for 125-årsjubilanten. Eg var så heldig å ha rolla som programleiar under seminaret denne helga, saman med eminente Gunnhild Skjold. Vi leidde deltakarane gjennom innleiingar som strekte seg frå tema som språkbyte, til språklov, skogfinnar og dei lokale dialektane. Eit variert program med noko for kvar ei sjel som sat i salen!

HELGA VAR OVER på eit blunk. Plutseleg prikka Ingår, skulemållskrivar i mållaget, meg på skuldra, og spurte meg om eg var klar for å reise. Sundagen hadde kome, og vi skulle driste oss over Noreg på tvers. Frå Elverum, over fjella, heilt til Flatøy i Alver kommune. Nynorskstafetten skulle starte!

SÅ VI SETTE oss i bilen, Ingår og eg, og starta på den sju timer lange reisa vår. «Over eit fjell, gjennom ein tunnel», song Vilde og Anna i MGPjr i 2016, og dette er ein song som gjenfortel reisa vår godt. Vi fekk det beste Noreg har å by på; både sol, regn og snø i storlagen natur som varierte mellom skog, småstader, fjell og fjord.

MI OPPGÅVE DENNE veka var å halde målfred med 10. klasse og vidaregåande rundt om i kommunane Alver og Øygarden, og bergensbydelen Arna. Midt i veka kom også sentralstyremedlem Ann-Mari og slengde seg med på skuleinnleiingane. Dette var Ann-Mari sin fyrste Nynorskstafett, og ho heldt også sine fyrste målfærder denne veka!

INNE I KLASSANE snakka vi med ungdommen om språkhistorie, språkstrid og språkmekanismar. Målet vårt med målferdene er å kunne snakke med elevane så dei får ei større forståing for kvifor vi har to skriftspråk i Noreg, og at dei ser viktigeita med å halde på nynorsken. Alle elevane vi møtte på var interesserte, reflekterte og var aktivt med i diskusjonane. Rett og slett alt ein kan be om!

SJØLV MED STORMEN Jakob og planleggingsdag i skulane fredag vart dette ei god reise rundt i Bergensområdet. Veka var like kjapt over som ho starta; med eit prikk på skuldra. Vi takkar Hordaland for ei god veke!

SYNNE SOLBERG

leiarspalta



SEBASTIAN VINCENT NATVIK
Leiar i Norsk Målungdom

Løft norsk fagspråk!

I vår vedtok Stortinget ei ny universitets- og høgskulelov. No har Kunnskapsdepartementet mindre lovendringar til høyring som skal tre i kraft i 2025. Eitt av forslaga til departementet er å fastsetje at studentane har rett til å leve eiga arbeid i bachelor- og masteroppgåver på norsk eller samisk. Det er utrøeg bra at studentane får ein utvida rett til å skrive på norsk, men utan å utdjupe noko særleg skriv departementet at «institusjonene skal kunne gjøre unntak fra retten til å skrive oppgave på norsk der det er faglig begrunnet».

Utdanningsinstitusjonane får gøy me seg bak argument som at sidan det norske fagspråket på fleire felt ikkje er omfattande nok på norsk får ein ikkje lov til å skrive på norsk. Førelesarar vegrar seg for å undervise på norsk av di dei ikkje kan faget sitt på norsk. Sjefredaktøren i Store norske leksikon, Erik Bolstad fortel i debatt til Mediemållaget om norske professorar som ikkje vil skrive artiklar til leksikonet på morsmålet sitt.

Noreg har i fleire år hatt som mål å gjere den høgare utdanninga meir internasjonal. Hovudgrunnen til at fleire emne blir undervist på engelsk er grunna internasjonale studentar, likevel byrjar over 90 prosent av studentar i norsk arbeidsliv etter endt utdanning.

Og kva skjer med fagspråket? Våren 2023 retta Norsk Målungdom søkjelyset mot norsk i akademia med kampanjen «Student på norsk», kor me hadde døme frå ei bacheloroppgåve kor ein fekk lese «Mechanistic strukturer bruker individual specialization der organic strukturer har joint specialization». Fleire fagområde har særslig føresetnader for at ein skal kunne skrive på norsk, det kan ikkje vere opp til kvar einskild student å ta ansvar for utvikling av fagspråk.

I Khrono skriv Hem og Nylenna om korleis Det medisinske fakultet på UiO negligerer norsk fagspråk. Dei skriv vidare at norsk medisinsk fagspråk bør kome i raudlista som truga, ikkje svartelista som framand og uynskt. Det er greitt nok og praktisk at internasjonal forsking finst på engelsk. Likevel har me eit språk som skal nyttast overfor eit publikum, anten det er pasientar innan helse, eller skulelevar i realfag.

Vegringa for å skrive akademiske tekstar på norsk sildrar og renn nedover gradane. Når kjem naturfagboka i ungdomsskulen på engelsk, tru? Norsk fagspråk treng eit løft, ansvaret ligg ikkje på studentane.

Ein ikkje-mordar tilstår

Med fornekting allereie i tittelen er det ikkje alltid godt å vite når ein skal ta **UKON** på ordet, men det er kanskje i den uvissa me helst vil vere.

■ Ulf Karl Olov Nilsson, ofte kalla UKON, er ein litterær kameleon frå Västerbotten. Han er poet og psykoanalytikar, og har elles verka som kritikar, redaksjonsmedlem og radiostemme i Sverige. *Jag är ingen mördare* kom ut i fjar, og er alt no å finne i den nynorske gjendiktinga til David Aasen, som fyrste heile verk frå UKONs hand. På norsk finst også eit utval dikt i Forklaringsopplysningane, gjendikta til norsk av Monica Aasprong.

